

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.11.2021

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet for Vestland fylkeskommune vedtek høyringssvaret på NOU 2019:23 «Ny opplæringslov», slik det kjem fram av saksutgreiinga
2. Fylkesdirektøren tilrår at departementet i lag med fylkeskommunane arbeider vidare med kriteria for fylkeskommunale rammetilskot, slik at tilskota er i tråd med målsetjingane i fullføringsreforma.
3. Fylkesutvalet vedtek tillegga til høyringssvaret på NOU 2019:23 under. Tillegga til lovteksten er markerte med understrekning:

Merknad til § 7-2 Inngåing og endring av kontrakt om læretid:

Dei som skal ha læretid i bedrift, skal skrive kontrakt om læretid med ei eller fleire lærebodrifter. Dersom kontrakten oppfyller krava, skal han godkjennast av fylkeskommunen. Kontrakten kan berre endrast etter samtykke fra fylkeskommunen.

Fylkeskommunen skal ha skjema på bokmål og nynorsk for inngåing av kontrakt om læretid. Dei som skal ha læretid i bedrift, vel sjølv om dei vil bruke kontraktskjema på bokmål eller nynorsk.
Kontrakten skal vere inngått før opplæringa i lærebodrifta tek til. Kontrakten gjeld frå den tida opplæringa tek til, sjølv om godkjenninga kjem seinare.

Det skal stå i kontrakten kva som er målet for opplæringa, og kven som har ansvaret for dei ulike delane av opplæringa. Kontrakten skal vise til den eller dei arbeidsavtalane som er inngått. Departementet kan gi forskrift om kva form og innhald kontrakten skal ha, og om endring av kontrakten.

Framlegg om § 8-4

Språkbruk i fag- og yrkesopplæringsorgana

Dei organa som er nemnde i §§ 8-1, 8-2 og 8-3, skal kommunisere i tråd med reglane om språkbruk i lova her og i lov om språk (språklova).

Merknad til § 15-2 Hovudmål på kvar skole

Kommunen og fylkeskommunen skal gi forskrift om kva skriftspråk som skal vere hovudmålet på kvar skole, bokmål eller nynorsk. Kommunen og fylkeskommunen skal bruke hovudmålet ved skolen i offentleg kommunikasjon med skolen. Skolen skal bruke hovudmålet i den skriftlege opplæringa, og i den skriftlege kommunikasjonen med elevane og foreldra og elles i den administrative kommunikasjonen. Om skulen og ved skolen. Opplysningsar om skolen og om bruken av bygningane, anlegga og utstyret på skoleområdet, skal vere på hovudmålet ved skolen.

Ei offentleg, ideell eller privat verksemد som jamleg tar del i opplæringa, skal bruke og tilby teksttilfang som er på hovudmålet ved skolen eller på hovudmålet til elevane på 1. til 10. trinn i grunnskoleopplæringa, jf. § 3-1. Elevane, lærarane eller foreldra kan klage dersom skolen, kommunen eller fylkeskommunen lar ei verksemد som ikkje brukar eller tilbyr teksttilfang etter reglane her, ta del i opplæringa. Reglane gjeld ikkje for opplæring i bedrift, jf. kapittel 7.

I samband med skifte av hovudmål på ein grunnskole eller når eit fleirtal i kommunestyret eller minst 1/4 av dei røysteføre i kommunen krev det, skal det haldast rådgivande røysting. Alle som bur i skolekrinsen, jf. § 3-6, og har røysterett etter valgloven § 2-2, har røysterett i saker om skifte av hovudmål. Alle foreldra til barn på barnesteget ved skolen har røysterett i slike saker, utan omsyn til bustad eller statsborgarskap. Departementet kan gi nærmare forskrifter.

Merknad til

§ 29-2 Statleg tilsyn

Statsforvaltaren kan skal føre tilsyn med at kommunane og fylkeskommunane oppfyller kommunepliktene som følgjer av lova eller forskrift med heimel i lova, og plikta til å ha internkontroll etter kommuneloven § 25-1. Reglane i kommuneloven kapittel 30 gjeld for tilsynsverksemda.

Departementet kan føre tilsyn med at andre plikter etter lova og med heimel i lova blir oppfylte. Reglane i kommuneloven §§ 30-3 og 30-4 gjeld for tilsynsverksemda.

Merknad til**§ 6-3 elevar med hørselshemmning**

Fylkesutvalet meiner at alle elevar med nedsett hørsel skal ha rett på opplæring i teiknspråk utan sakkunnig vurdering, jamfør §7 i språklova: Norsk teiknspråk er det nasjonale teiknspråket i Noreg. Som språkleg og kulturelt uttrykk er norsk teiknspråk likeverdig med norsk.»

Merknad**Om felles retningslinjer for inntak**

Fylkesutvalet meiner at det ny opplæringslov og friskulelov vert arbeidd inn at det skal vere felles retningslinjer for inntak til dei offentlege og dei private vidaregåande skulane.